

ØKOTAXI AS
Hegdehaugsveien 31
0352 OSLO

Dato: 13.11.2017
Vår ref.: 2017/1929-17
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Att.: Roger D. Pettersen

Svar på førespurnad om tildeling av drosjeløyve til Taxi1 AS

Ein viser til Dykkar e-post av 09.11.2017.

Rettsleg grunnlag og forvaltningspraksis

Det går fram av yrkestransportlova § 25, andre punktum at eit selskap eller annan juridisk person kan tildelast løyve på vilkår som vert nærare fastsette av departementet. For drosjeløyve er hovudregelen at løyve vert tildelt fysisk person. Det går det fram av yrkestransport § 43, første ledd, at det ved tildeling av løyve «som blir ledig ved at en løyvehaver dør eller opphører med virksomheten» gjeld føretrinnsrett for løyvehavar med minst to års ansiennitet som fulltids drosjeførar i løyvedistriktet. Føretrinnsretten gjeld altså for løyve som «blir ledig», men ikkje for nyetablerte løyve.

Berre fysisk person kan vera drosjeførar, opparbeida ansiennitet og ha føretrinnsrett. Dersom det ikkje finst søkjar med føretrinnsrett, gjeld yrkestransportforskrifta § 44 ved tildelinga. Fylkeskommunen avgjer då «etter eget skjønn hvem som skal tildeles løyve. Herunder kan det gis løyve til innehaver av drosjeløyve og til selskap eller annen juridisk person.»

Hordaland fylkeskommune har lang forvaltningspraksis på at drosjeløyve berre vert tildelt selskap der det ikkje finst personlege søkjarar. Tildeling til selskap er unntak frå hovudregelen og gjeld ein liten del av løyveporteføljen i Hordaland.

Taxi 1 AS

Selskapet Turservice AS i solidum med Bergen Limousinservice AS søkte mars 2004 om konsesjon til å driva drosjeformidling i kommunane Askøy, Bergen, Fjell og Sund, også kalla Bergen køyreområde. Samstundes vart det søkt om at det vart oppretta og tildelt 25 nye ordinære drosjeløyve til den nye sentralen, som fekk namnet Taxi 1 AS. På dette tidspunktet var det 2 drosjesentralar i Bergen køyreområde.

Etter at søknaden hadde vore på høyring, vart det lagt fram sak for politisk handsaming i juni 2004. Søknad om konsesjon til å driva drosjeformidling, oppretting av 25 nye løyve og tildeling til ein drosjesentral vart handsama som tre separate spørsmål. Fylkesrådmannen fann at søknaden om konsesjon til å driva drosjeformidling var i tråd med gjeldande regelverk og derfor måtte godkjennast. Det vart lagt stor vekt på samferdselsdepartementet si høyring av 07.05.2004 der det var fokus på betring av konkurransen mellom drosjesentralar med forslag om oppheving av behovsprøving av drosjeløyve frå 1. oktober 2005. Fylkesrådmannen la til grunn at oppheving av behovsprøvinga ville vera eit faktum innan kort tid. Det vart under tvil innstilt på å oppretta 25 nye drosjeløyve. Det vart vist til likebehandling med den dra-hjelp Norgestaxi Bergen tidlegare hadde fått i etableringsfasen.

For nyoppretta løyve kjem ikkje yrkestransportforskrifta § 43 til anvending. Fylkesrådmannen var i tvil om løyva skulle tildelast til den nye sentralen. Ut frå ei totalvurdering vart det innstilt på tildeling av dei nye løyva direkte til sentralen. Det vart presisert at dette ikkje nødvendigvis skulle danna presedens for eventuelt framtidige søknader. Fylkesutvalet fatta vedtak i tråd med fylkesrådmannen si innstilling, med 9 mot 6 røyster.

Departementet sitt forslag om oppheving av behovsprøvinga vart ikkje realisert. I mars 2006 søkte Taxi 1 AS om oppretting av 30 nye ordinære drosjeløyve. Søknaden vart avslått. I desember 2006 søkte Taxi 1 AS om oppretting av 5 nye ordinære drosjeløyve og 5 reserveløyve. Fylkesrådmannen innstilte på avslag, men samferdselsutvalet godkjende søknaden i januar 2007. I mars 2007 søkte Taxi 1 AS om 30 nye løyve. Fylkesrådmannen innstilte på avslag, men samferdselsutvalet innvilga samrøystes søknaden i august 2007.

Anna

Tildeling av løyve til Taxi 1 AS har ikkje danna presedens, og Taxi 1 AS står i ei særstilling. Etter 2007 har 3 nye drosjesentralar fått konsesjon til å driva drosjeformidling i Bergen. Desse har opparbeidd løyveportefølje gjennom konkurranse med dei andre sentralane om eksisterande løyvehavarar.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.